



Arkivsaknr: 2025/10574-1
Sakshandsamar: Irene Hystad Hugaas
Avdeling: Skule

SAKSFRAMLEGG

Verbalpunkt om miljøarbeid i skulen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	14.10.2025
	Ungdomsråd	13.10.2025
	Formannskapet	16.10.2025
	Kommunestyret	23.10.2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret har ein tydeleg intensjon om å styrkje miljøarbeidet i skulane så snart det er mogleg, men finn på noverande tidspunkt ikkje økonomisk handlingsrom til å omprioritere ressursar for å setje inn fleire miljøarbeidarar i skulen.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd og i utval for levekår

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saka gjeld

Vi vil i denne saka svare på verbalpunkt i vedtak i kommunestyret 19.12.24 i sak 149/2024: Økonomiplan 2025-2028, med følgjande ordlyd om Miljøarbeid i skulen: *Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ei sak om korleis miljøarbeidet i skulen kan styrkast. Saka må gje kunnskap om korleis Team Læringsmiljø arbeidar i skulane, forslag til korleis miljøarbeidet kan styrkast på den einskilde skule. Kommunestyret ønskjer å omprioritere ressursar til miljøarbeidarar i skulen, og ber om at dette vert synleggjort i saka.*

23. februar 2023 vedtok kommunestyret i Alver Kommunedelplan for oppvekst 2023-2024. Etablering av stilling som miljøterapeut ved dei største skulane i kommunen ligg inne som eit prioritert tiltak i kommunedelplanen, med oppstart hausten 2024 og med ei ramme på 2,4 millionar kroner i året. Grunna den økonomiske situasjonen til kommunen, har det ikkje vore prioritert å starte opp dette tiltaket i samsvar med vedtaket i kommunestyret i februar 2023.

Politisk leiing i kommunen har ved fleire høve ytra ønskje om å etablere fleire stillingar som miljøterapeutar i skulen, og dette vart konkretisert i verbalpunktet av 19.12.24.

Saksopplysningar

Vi vil i dette avsnittet skildre korleis miljøarbeidet fungerer i skulane i dag, og kva for bemanning og ressursar vi har til dette arbeidet.

I budsjett for 2026 er det planlagt slik fordeling av andre profesjonar enn pedagogar i skulane totalt:

Miljøarbeidar/miljøterapeut/vernepleiar/ helsefagarbeidar 11 årsverk, Barne- og ungdomsfagarbeidar/fagarbeidar 62,34 årsverk, Elevassistent 27,46 årsverk.

Alle skulane har fått ressurstildeling utifrå ny ressurstilodelingsmodell for skuleåret 2025-2026. GSI-tal for 2025 er enno ikkje kjent, og vi venter tal innan 14.oktober for korleis skulane ligg an i forhold til lærarnorm inneverande skuleår. Skuleeigar reknar med dei fleste skulane vil oppfylle krav til lærarnorm skuleåret 2025/26.

Barne- og ungdomsfagarbeidarar og elevassistentar sine arbeidsoppgåver er knytt til individuelle vedtak om personleg assistanse (Opplæringslova §11) og til arbeid i SFO. Arbeidsoppgåvene til andre profesjonar i skulen i Alver, er sosial-fagleg arbeid som også i stor grad er knytt til individuelle vedtak om personleg assistanse, individuell oppfølging av elevar sine helsebehov både fysisk og psykisk, høgt skulefråvær og elevar med samansette vanskar. Nokre av arbeidsoppgåvene er oppfølging av førebyggjande arbeid i skulemiljøet, oppfølging av tiltak i aktivitetsplanar for trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova §12) arbeid med MOT-programmet i ungdomsskulane, Trivselsprogrammet (TL), aktivitetar i allrom og hjarterom til dømes, og gruppesamtaler med tema om livsmeistring og personlegdom/karakter-bygging.

Ungdomsskulane har sosiallærer-ressurs som er sosialpedagogisk rådgiving for å hjelpe den enkelte elev til å finne seg til rette i opplæringa. Dei skal hjelpe elevane med personlege, sosiale og emosjonelle problem som kan ha betydning for elevane si opplæring og sosiale forhold på skulen. Rådgivar gir utdannings- og yrkesrådgiving og skal hjelpe elevane til å bli bevisste på sine egne verdiar, interesser og forutsetningar.

Det sosial-faglege arbeidet er viktig i førebygging mot mobbing og utanforskap. I læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) står det at «Læringsmiljøet skal gi sosial

utvikling - for å førebygge mobbing og krenkingar» (LK20 Overordna del 3.1). Dei normene og verdiane som pregar læringsfellesskapet har stor betydning for den sosiale utviklinga til elevane. Definisjonar på mobbing den siste tida, viser ei utvikling frå eit individualistisk perspektiv til at det gjeld gruppeprosessar og gruppedynamikk. "Mobbing er sosiale prosessar på avveie» seier ein dansk professor, Dorte Marie Søndergaard, sitert av Mobbeombodet Vestland. Utdanningsdirektoratet uttaler at «Mobbingens sosiale dynamikk er eit komplekst og sammensatt sosialt problem» (Ingrid Grimsmo Jørgensen, udir.no).

Alle tilsette i skulane har eit ansvar for å fylgje opp aktivitetsplikta for eit trygt og godt skulemiljø (Oppl.l.§12) og det ligg eit særleg ansvar på pedagogar og skuleleiarar i lovteksten. Ny opplæringslov per 01.08.2024 løfter pedagogen si rolle og ser det faglege og sosiale som to sider av same sak. I læreplanverket (LK20) – overordna del, står det: «Elevens identitet og selvilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevenes faglige og sosiale læring og utvikling sammen» (udir.no).

Skulane i Alver har ein plan for førebyggjande arbeid for Trygt og godt skulemiljø, der ein planlegg og gjennomfører mange gode trivselstiltak gjennom året for det psykososiale miljøet. Til dømes fadderordningar, venskapsveker, Blime-dans, aksjon mot mobbing, fjellturar med aldersblanda grupper, fellesmåltid, juleverkstad, musikal- og teaterforestillingar, konsertar, karneval, Showtime, naturskule, uteskule, praktisk arbeid og ekskursjonar.

I rektormøter og i samarbeidsmøte med den enkelte skule, har vi jobba med handlingsrommet ein har til rådighet med dei ressursane som er tildelt. Rektor må som grunnbemanning sørge for nok pedagogstillingar til å dekke lærarnorm, og spesialpedagogisk kompetanse til vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

Skuleeigar vil løfte fram den viktige jobben som blir utført dagleg av alle tilsette i skulen. Kvar dag blir det jobba aktivt for at våre elvar skal ha det trygt og godt på skulen, oppleve sosiale fellesskap, læring og utvikling. Dette er ei oppgåve som både leiing og andre tilsette set høgt.

Team Læringsmiljø og samarbeid med PPT

Før kommunesamanslåinga hadde Lindås kommune to årsverk som miljøterapeutar som vart delt ut til skulane etter grunngjeve og vurderte behov. Dei to årsverka skulle berre nyttast til trivsels- og aktivitetsfremjande aktivitetar i skuletida, ikkje knytt til einskilde grupper eller elevar. Etterspurnaden etter denne ressursen var langt større enn det skuleeigar kunne møte med dei to årsverka, og ved kommunesamanslåinga vart det vurdert å omprioritere desse to årsverka til å etablere Team læringsmiljø.

Team Læringsmiljø er etablert for å bidra til kompetanseutvikling på system- og individnivå ved den einskilde barnehage og skule/SFO. Det er framleis to årsverk i teamet. Teamet skal gje støtte til barnehagar og skular/SFO sitt arbeid med eit trygt og godt læringsmiljø. Teamet skal ha fokus på førebyggjande arbeid, som t.d. å bidra i arbeidet med kompetanseutvikling, rettleiing, kartlegging, analyse, tiltak og evaluering. Teamet kan og bidra inn i komplekse saker i barnehage og skule/SFO, knytt opp til Barnehagelova og Opplæringslova. Det er ei målsetjing for arbeidet at ein skal byggje kompetanse om leike- og læringsmiljø rundt barnet og at ein skal bidra inn til at konkrete saker blir løyst så tidleg som mogleg.

Alver PPT deltar med fast PP-rådgjevar på ressursteam i alle barnehagar og skular i kommunen. Det er oppretta rutine for melding av saker til ressursteam slik at alle deltakarar kan møte førebudde. Andre samarbeidspartnarar som helsesjukepleiar, kan og delta i ressursteam etter avtale/samtykke. PPT rettleiar både på individ og på systemnivå. Nytt i opplæringslova frå 1.august d.å. er at PPT og skal arbeide førebyggjande. Det er tett kontakt mellom aktuell PP-rådgjevar og Team Læringsmiljø der begge partar er inne i saker på individ- og/eller systemnivå. Team læringsmiljø har også kompetanse som instruktørar i KomLab for å førebyggje og handtere vald og truslar i skulane.

Sakshistorikk

Det er aktuelt i denne saka å vise til nasjonale styringsdokument som omtaler miljøarbeid og det sosial-faglege arbeidet i skulane. Det er tidlegare vist til Opplæringslova og overordna del i læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20). Regjeringa ønskjer å styrke det tverrfaglege samarbeidet i barnehage, skule og SFO. Det er særleg sentrale element frå *Meld. St. 6 (2019–2020) – Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap* som er relevante for miljøarbeid og miljøterapeutar i skulen. Meldinga understrekar at alle barn og unge skal ha like moglegheiter, uavhengig av bakgrunn og føresetnader. For å få til dette, må skulen vere ein inkluderande arena med fokus på psykososialt miljø og trivsel. Sjølv om miljøterapeutar ikkje er eksplisitt nemnt i meldinga, er det klart at behovet for sosialfagleg kompetanse og tverrfagleg innsats samsvarer med det miljøterapeutar bidreg med. Meldinga gir støtte til tanken om å inkludere fleire profesjonar i skulen for å styrke laget rundt eleven. Denne stortingsmeldinga foreslår også eit varig kompetanseløft innan spesialpedagogikk for tilsette i barnehagar, skular og PP-tenesta.

Det finst ikkje nasjonale retningslinjer for miljøterapeutstillinga, og bruk av slike stillingar varierer frå kommune til kommune og frå skule til skule. Dette skapar behov for klargjering av rolla, kvalifikasjonar og ansvar. Miljøterapeutar i skulen har fått auka merksemd nasjonalt, både gjennom ytringar frå Utdanningsforbundet sentralt og samfunnsdebatten om lovfesting av stillinga. Utdanningsforbundet meiner at fleire yrkesgrupper i skulen kan bidra til betre støtte for elevane. Det er fremja forslag om å lovfeste miljøterapeutar i skulen, med referanse til Stortingsmelding 6 (2019–2020), og FO (Fellesorganisasjonen) peikar på behovet for eit tverrfagleg løft der miljøterapeutar blir likestilt med lærarar.

I Alver kommunedelplan for oppvekst står det at «Barnehage og skule skal legge til rette og tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet til barn og elevar ut frå deira behov og føresetnader. Dette også når barn og elevar har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periode. Gjennom prosjektet Universell pedagogikk har Alver kommune hatt fokus på å sikre eit likeverdig tilbod til barn og elevar innafor rammene av ordinær, universell pedagogikk og spesialpedagogiske tiltak. Prosjektet vert no vidareført i samarbeid med Institutt for spesialpedagogikk ved Universitetet i Oslo, og er ein del av den nasjonale satsinga "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis".

Aktuelle mål og strategiar i kommunedelplan oppvekst:

Mål: Barn og unge blir sett og ivareteke

Tiltak: Etablere stilling miljøterapeut ved dei største skulane

Mål: Barn og unge er rusta til å møte framtida

Strategi: Vi skal arbeide tverrfagleg med førebyggjande innsats

Mål: Barn og unge vert møtt av kompetente vaksne

Strategi: Vi skal rekruttere ulike typar kompetanse

Mål: Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst

Strategi: Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaer der barn og unge deltar

I dei 2,5 åra sidan kommunedelplanen vart vedtatt har både barnehagar og skular jobba vidare med desse målsetjinga, og det har vore stort fokus på felles kompetanseutvikling i det å styrkje læringsmiljøet til barn og unge. Det er det ordinære sosiale fellesskapet som er det aller viktigaste, i den gruppa der barnet eller eleven høyrer til i kvardagen. Gjennom deltaking i den nasjonale satsinga *Læringsmiljøprosjektet* har nokre barnehagar og skular jobba systematisk og grundig med praksisutvikling og kompetansebygging. Det dei har utvikla gjennom denne satsinga, blir formidla til dei andre barnehagane og skulane, slik at innhaldet og læringa kan spreiaast til alle barnehagane og skulane.

Partar

I vedtak som gjeld barn og unge skal ei vurdering av kva som er best for dei vektast høgt. Det er stor semje om at miljøterapeutar er positivt for elevmiljøa på skulane og enkeltelevar. Å styrke dette arbeidet vil derfor vere eit positivt tiltak for elevar.

Dersom ressursar til å styrke dette arbeidet blir henta frå pedagogressursen til skulane, så vil dette ha ein vesentleg negativ effekt for elevane. Skulane er i dag så pressa på ressursar at det vil raskt få direkte konsekvensar for elevar om det blir færre pedagogar. Dette kan til dømes medføre større elevgrupper, færre timar til klassedeling, auka utfordringar med å gjennomføre førebyggjande tiltak og tidleg innsats i opplæringa, samt ein auka risiko for fråvær blant tilsette på grunn av auka belastning.

Vurdering

Kommunestyret ønskjer at ein ser på moglegheitene for å omprioritere ressursar til miljøterapeutstillingar for å styrke miljøarbeidet i skulane. Fleire miljøterapeutar vil med stort sannsyn styrke miljøarbeidet på skulane. Utfordringa ligg i at ressursane må takast frå ressursar som elles går til pedagogar. Det er vurdert at det ikkje er tilrådeleg å redusere ressursen til pedagogar i skulesektoren ytterlegare. Skulane melder at det allereie er utfordrande å ha tilstrekkeleg pedagogressurs til ordinært tilbod og til tiltak innanfor individuelt tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulane dekke ressursar til tiltak innanfor personleg assistanse for enkeltelevar. Ein reduksjon i pedagogressursen vil raskt kunne føre til brot på opplæringslova, og elevar sin rett til opplæring og tilrettelegging av opplæringa. Skular kan i auka grad få utfordringar med å oppfylle krava i lærarnorma.

Miljøterapeutressursen har vore godt tatt i mot på skulane, og miljøterapeutane har gjort eit viktig arbeid for elevane både på gruppe og individnivå. Ein ser likevel at det set krav til både god leiing og organisering for å gjere god bruk av ressursen. Miljøterapeutar har med sin arbeidsdag, faglege bakgrunn og arbeidsoppdrag moglegheit til å møte elevar på andre måtar og andre stader i skulekvardagen enn pedagogane har høve til. Dei er derfor ein positiv vaksenressurs for elevane, og gode observatørar i elevmiljøet. Dei gjer ein viktig jobb med å avlaste pedagogar i ein hektisk og krevjande kvardag, noko som kan førebygge både læringsmiljøutfordringar, elevfråvær og fråvær blant tilsette.

Skuleeigar har, saman med rektorane, dei siste månadane arbeidd særleg mot at skulane skal betre systemarbeidet knytt til førebyggjande læringsmiljøarbeid og handsaming av skulemiljøsaker. Det er rutinar for viktig kvalitetsoppfølging i dialogmøte med skuleeigar, skuleleiing, PPT, FAU og elevråd. Dette arbeidet vil halde fram vidare. Den økonomiske situasjonen til Alver kommune gjer at vi i auka grad må sjå på korleis vi kan auke kvaliteten i skulane utan å auke kostnadane. Dette er krevjande, særleg i ei tid der ein ser at utfordringane knytt til ungdomsmiljøa, og psykisk helse og rus er i negativ utvikling.

Slik vi har skildra over, foreslår vi å styrkje pedagogane sin kompetanse i å arbeide med det faglege og sosiale i læringsmiljøet som to sider av same sak. Det inneber å sikre pedagogressurs i tillegg til minimum lærarnorm.

Dei tilsette i skulane gjer ein viktig og god jobb, og skuleeigar må sjå på tiltak for å støtte dei i ein stadig meir krevjande kvardag. Støtte til kompetanseheving, tid til samarbeid med kollegaer, tydlege og effektive system for utøving av praksis og god støtte frå leiinga er døme på strategiar for dette. Slike strategiar er innbakt i satsingane våre i læringsmiljøprosjektet, i prosjektet Universell pedagogikk og den nasjonale kompetansestrategien dekom, der Alver kommune deltek i satsinga Språk-lesing-skriving.

I det følgjande blir det skildra nokre alternative tiltak for å kunne finansiere auka satsing på miljøarbeidarar i skulen. Eit alternativ er å auke ressurstildelinga til skulane, knytt til dette arbeidet. I ressurstildelingsmodellen kan ein leggje inn faktorar som prioriterer tidleg innsats, til dømes faktorar som tek omsyn til levekårsutfordringar i ein skulekrins eller auke

ressurs til sosiallærar. Skuleeigar kan slik bidra til at skulane i større grad prioriterer årsverk til miljøarbeid. Rektor kan i tillegg vurdere å omprioritere pedagogårsverk til andre fagprofesjonar når skulen oppfyller lærarnorm. Det kan gi rom for å styrkje det ordinære opplæringstilbodet for alle elevane både fagleg og sosialt, og styrkje miljøarbeidet og det førebyggjande arbeidet som er skildra.

Dersom skulane skal få ei høgare tildeling til tidleg innsats, sosiallærar eller miljøarbeidar, og dette skal finansierast utan å auke budsjettamma til skulane, vil dette kunne føre til at fleire skular får problem med å oppfylle dei lovpålagte oppgåvene knytt til lærarnorm og individuell tilrettelagt opplæring (spesialundervising). I dag er det fleire rektorar som melder at det er krevjande å dekkje dei samla behova til drift av skulen innafor tildelt økonomisk ramme, og dette blir venteleg noko meir utfordrande i åra som kjem. I gjeldande økonomiplan ligg det inne reduksjon med seks årsverk i skulen per år i åra 2026-2028 og , og sjølv om dette må sjåast i samanheng med demografiutviklinga, så er det påreknaleg at skulane vil oppleve at ressursbehovet er større enn tildelinga tilseier.

Eit anna alternativ er å auke ressursar til Team læringsmiljø. Team læringsmiljø blir brukt meir og meir av både private og kommunale barnehagar og skular. Ved å utvide kapasiteten kan ein fortsetje eit godt arbeid med rettleiing, hjelp og støtte til alle skulane og barnehagane. Vi har dessverre fått avslag i fjor og i år om statlege midlar som det er søkt om for å utvide tal tilsette i dette teat. Koplingane blir sterkare mellom tenestene i oppvekst med dette samarbeidet som vi får til, noko som er viktig for det tverrfaglege samarbeidet i sektoren.

Det er ei auke i saker som blir meldt til Team læringsmiljø frå rektorar og styrarar. Det vil vere tilsvarende vanskeleg å utvide tal årsverk i Team læringsmiljø utan å auke den økonomiske ramma for tenesteområde skule. Dersom det skal tildelast fleire årsverk til å styrkje teamet innafor gjeldande budsjettamme, betyr det i praksis at det må reduserast tilsvarende tal årsverk i tildelinga til skulane.

Eit tredje alternativ er å omprioritere ressursar innafor oppvekstsektoren. I dag opplever både barnevern, PPT og skulehelsetenesta auka press på tenestene, med aukande saksmengd og fleire komplekse saker. Det å redusere kapasitet i desse tenestene på kort sikt kan føre til auka utgifter på lengre sikt, ved at det blir lengre ventelister og saker kan bli større og meir komplekse før dei blir handtert.

Med bakgrunn i dette er det kommunedirektøren si vurdering at det på noverande tidspunkt ikkje er handlingsrom til å omprioritere ressursar innafor eksisterande budsjettamme for tenesteområde skule eller sektor oppvekst for å etablere nye årsverk som miljøarbeidarar i skulen.

Økonomiske konsekvensar

Ved å omprioritere ressursar innafor tenesteområde skule for å etablere fleire miljøarbeidarar i skulen, vil det vere behov for å redusere tal årsverk knytt til ordinær undervisning og individuell tilrettelagt opplæring tilsvarande. Dei komande tre åra ligg det inne samla reduksjon på 18 årsverk til skulane i kommunen. Skuleeigar får tydelege tilbakemeldingar frå skuleleiarar, tilsette, arbeidstakarorganisasjonar og foreldreutval om at dei opplever at ressursane til skulane den dag i dag er for låge i høve til behov og ønska prioriteringar etter faglege vurderingar.

Det er venta 400 færre elevar i grunnskulen i Alver i dei komande fire åra, noko som tilseier at også behovet for tal tilsette i skulen skal bli redusert. Reduksjonen i elevtal fordeler seg truleg ulikt mellom skulane, slik at det vil ikkje vere sannsynleg at kommunen kan redusere tal klassar tilsvarande som det samla tal færre elevar. Konsekvensen av dette er venteleg at kommunen får lågare reduksjon i tal klassar enn reduksjonen i tal elevar samla skulle tilseie, og drift av skulane blir mindre økonomisk effektivt. Det er vanskeleg å hente ut full effekt av reduksjonen i elevtal, då dette vil vere avhengig av tal klassar vi kan redusere tilsvarande.

Dersom etablering av fleire miljøarbeidarstillingar skal finansierast ved å redusere tal årsverk til undervisning, vil det truleg føre til at fleire skular ikkje kan stette lovkrav i høve til lærarnorm og individuell tilrettelagt opplæring.

Dersom etablering av fleire miljøarbeidarstillingar i skulen skal finansierast ved å omprioritere innafor den totale budsjetttramma til kommunen, kan dette vurderast i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2026-2029.

Stillingar til miljøterapeut/miljøarbeidar har om lag same kostnadsramme som ei lærarstilling. Det kjem an på kvalifikasjonar og utdanning, og om ein søker etter personar med høgskuleutdanning eller fagbrev.

Miljømessige konsekvensar

Dette er vurdert å ikkje vere aktuelt.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Dette er vurdert å ikkje vere aktuelt.

Vurdering av særskilte grupper

Saka er i hovudsak knytt til den samla gruppa, ikkje einskilte elevar. Dersom tiltaket skal finansierast innafor tenesteområde skule si budsjetttramme, kan det føre til at det blir færre ressursar som kan brukast til oppfølging av elevar med særskilde behov.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at kommunen har økonomisk handlingsrom til å prioritere etablering av fleire stillingar som miljøarbeidarar i skulen i 2025 eller i 2026. Dette har samanheng med at det skal gjennomførast betydelege innsparingar i drifta innafor alle tenesteområda i sektor oppvekst i åra som kjem, og sjølv om intensjonen med miljøarbeidarar i skulen er god, så vil konsekvensane ved omfordeling av ressursane bli for store til at det er sannsynleg at den samla kvaliteten i skulen blir betre.

Dersom det skal etablerast fleire årsverk som miljøarbeidarar i skulen, bør dette finansierast ved ei omprioritering av ressursane innafor sektor oppvekst. Det er kommunedirektøren si vurdering at dette ikkje bør setjast i verk på noverande tidspunkt.

Kommunedirektøren rår difor kommunestyret til å fatte følgjande vedtak:

Kommunestyret har ein tydeleg intensjon om å styrkje miljøarbeidet i skulane så snart det er mogleg, men finn på noverande tidspunkt ikkje økonomisk handlingsrom til å omprioritere ressursar for å setje inn fleire miljøarbeidarar i skulen.